

Styremøte i Røysaleite grendalag 12.01.16

Til stades:

Anders Yri, Rune Røysum, Sindre B. Ramung, Olaug Takle

1. Synfaring Dalhjellevengen og Hovdavegen – vidare oppfølging
 - Dårleg asfalt og overvannsproblematikk i Hovdavegen: Innspel til kommunen.
 - Redusert gatebelysning, ei lyktestolpe er velta: Innspel til kommunen.
 - Bilar parkert i svingen ved Hovdavegen, slik at ungar på veg til og frå skulen må ut i vegen for å komme forbi: Innspel til kommunen.
 - Treng eit nytt bord til fellesarealet: Styret vurderer om det er mogleg å skaffe eit bord til.
2. Kontingentinnkrevjing
 - Innkrevjing av medlemskontingenten skjer etter årsmøtet etter sats vedteken av årsmøtet.
 - Rune skaffar fakturamal og sender til Sindre.
3. Årsmøte
 - Årsmøte vert 23.2 kl 20.30. Sindre ber om å få leige Henjahaugane barnehage.
 - Styret innstiller på kr 200 som kontingentsats.
 - Sindre lagar årsmelding og sender til styret for kvalitetssjekk.
 - Rune lagar til rekneskap. Vert revidert av Olaug.
 - Val:
 - i. Sindre er på val
 - ii. Mari er på val
 - iii. Idun og Frøydis vert innstilte som valnemnd
 - Styret si innstilling til prioriteringar for grendalaget:
 - i. Måling og møblering av dokkestova ved Nilstræet
 - ii. Nye bord i sandkassa på leikeplassen ved Nilstræet
 - iii. Nye husker i Dalhjellevengen og Nilstræet
 - iv. Bytte bord i ballveggen ved Nilstræet
 - v. Ballanseutstyr i Dalhjellevengen og Nilstræet
 - vi. Slak/stram line i Dalhjellevengen og Nilstræet
 - Styret foreslår vårdugnad i Nilstræet og eventuell haustdugnad i Dalhjellevengen og Hovdavegen.
4. Ymse
 - Sindre ber kommunen om å sende ein hengar til å fjerne kvist frå leikeplassen på Nilstræet
 - Hovdavegen og Dalhjellevengen har meldt at dei ordnar tilsvarande på eiga hand
 - Styret saknar skilting ved fotgjengarovergangen Nilstræet-Kleppavegen og stripar på forgjengarovergangen ved Kolabakken-Kleppavegen
 - Styret saknar også fartsdumpar og «born leikar»-skilt ved inngangen til Kolabakken.
 - Vil ha born leikar-skilt også på Elihaug.
 - Sindre undersøker status for kommunal trafikktryggleiksplan.
 - Sindre informerer seg med kommunen for å få oversikt over kva midlar som kan søkast om til trafikktrygging og opprusting av leikeplassar.